

Til
Idrettsråd i Vestland
Særkretsar/regionar i Vestland
Særforbund utan regionalt ledd i Vestland

Bergen 15. Januar 2026

Innkalling til kretsting i Vestland idrettskrets

Styret i Vestland idrettskrets kallar med dette inn til kretsting laurdag 18. april på Scandic City Bergen.

Kretstinget startar kl. 13.00. Vi ynskjer å invitere til eit seminar i forkant av kretstinget frå kl. 10.00-11.30. Invitasjon med program til dette seminaret vil bli sendt ut seinare.

Tingforsamlinga består av representantar frå idrettsråd og særiddrettar (særkrets/region/forbund) med likt antal representantar frå dei to gruppene, samt idrettskretsstyret.

I dei kommunane som ikkje har idrettsråd kjem representantane direkte frå idrettslagane. Dersom det er meir enn eitt idrettslag i kommunen veljast representanten i eit møte mellom idrettslagane.

Representantane må vere valde på årsmøte/ting eller oppnemnt av styret etter fullmakt. Fordelingsnøkkel [idrettsråd](#) - [særkrets/region/forbund](#)

Det vert presisert at det må takast omsyn til kjønnsfordeling ved val av representantar, jf NIFs lov § 2-4 som bl.a. seier:

§ 2-4 Kjønnsfordeling

(1) NIF og NIFs organisasjonsledd skal arbeide for lik kjønnsfordeling ved val/oppnemning til styre, komitear mv. og representasjon til årsmøte/ting. Ved val/oppnemning og ved representasjon skal begge kjønn vere representert. Ved val/oppnemning av meir enn tre personar skal det veljast/oppnemnast minst 40% frå kvart kjønn, medan det for idrettslag er tilstrekkeleg med minst to personar frå kvart kjønn. Bestemminga gjeld også der det veljast meir enn eitt varamedlem. Representant for dei tilsette tel ikkje med ved berekning av kjønnsfordeling.

Forslag som ein ynskjer handsama på tinget må vere idrettskretsen i hende seinast 2 månadar før tinget. Frist: 18. februar.

Fullstendig sakliste med saksdokument vert sendt organisasjonsledda elektronisk 18. mars, samt lagt ut på [heimesida til Vestland idrettskrets](#).

Elles vert det synt til NIFs lov § 2-5 Generelle reglar om stemmerett, valbarheit, forslagsrett mv. Sjå idrettsforbundet sine nettsider under [Juss – NIFs regelverk](#).

Pris:

Det er fastsett følgjande deltakaravgift som representantane sjølve må dekke. Ein kan velje mellom følgjande alternativ:

kr. 1900,- pr. person

Enkeltrom m/frukost 17.-18. april, 3-rettar middag fredag, og dagpakke inkl. lunsj laurdag.

kr. 1500,- pr. person

Enkeltrom m/frukost 17.-18. april og dagpakke inkl. lunsj laurdag.

kr. 500,- pr. person

Dagpakke inkl. lunsj laurdag ikkje buande.

Seminaret laurdag frå kl.10.00-11.30 er gratis for deltakarane.

Påmeldingsfrist:

Representantane må vere meldt idrettskretsen seinast ei veke før tinget, jf § 5-5 (4) i NIFs lov.

For dei som ynskjer å overnatte på hotellet, ber vi om at påmeldinga skjer innan 1. april.

Påmelding til kretstinget skjer elektronisk via følgjande lenke:

[Trykk her for påmelding](#)

Med venleg helsing
Vestland idrettskrets

Tone Stavland /s/
Konstituert styreleiar

Randi Marie Farnes /s/
Organisasjonssjef